



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FA-X26
Arkivsaksnr: 20/245	Løpenr: 21/4735
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	10.06.2021	059/2021

Forlenging av ordning med høve til fjernmøte for folkevalde organ i Samnanger kommune

10.06.2021 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Råmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS- 059/2021 Vedtak:

Ordninga som kommunestyret vedtok 28.10.2020 i sak 082/2020 vert forlenga til og med 31.12.2021. Dette inneber at alle folkevalde organ i Samnanger kommune i denne perioden ved behov kan halda møte som fjernmøte.

Vedtaket er gjort med heimel i kommunelova § 11-7 første avsnitt.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ordninga som kommunestyret vedtok 28.10.2020 i sak 082/2020 vert forlenga til og med 31.12.2021. Dette inneber at alle folkevalde organ i Samnanger kommune i denne perioden ved behov kan halda møte som fjernmøte.

Vedtaket er gjort med heimel i kommunelova § 11-7 første avsnitt.

Dokument som ikkje er vedlagt:

- Kommunelova
(<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83>)
- Reglement for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet og kontrollutvalet
(<https://www.samnanger.kommune.no/Handlers/fh.ashx?Mid1=67&Filld=1065>)
- Midlertidig lov om unntak fra kommuneloven
(<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2020-11-06-126?q=lov-2020-11-06-126>)
- Kommentartutgåve til kommunelova (Kommuneforlaget, Overaa og Bernt, 1. utgåve 2019)

Kva saka gjeld:

Kommunestyret vedtok 28.10.2020 at alle folkevalde organ i Samnanger ved behov kan halda møte som fjernmøte til og med juni 2021. Vedtaket vart gjort med heimel i kommunelova § 11-7 første avsnitt. Det går der fram at kommunestyret kan bestemma at folkevalde organ i kommunen skal ha høve til å halda møte som fjernmøte.

Som følgje av koronapandemien fastsette regjeringa i mars 2020 ei mellombels forskrift om utvida høve til gjennomføring av fjernmøte («*Midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i folkevalgte organer i kommuner og fylkeskommuner for å begrense spredning av Covid-19*»). Forskrifta gav heimel for at møte i folkevalde organ kunne haldast som fjernmøte, sjølv om kommunestyret ikkje hadde gjort vedtak om dette. Denne forskrifta vart oppheva 01.08.2020.

I Samnanger har nokre møte i folkevalde organ etter kommunestyret sitt vedtak 28.10.2021 vorte haldne som fjernmøte, på grunn av koronasituasjonen/som eit førebyggjande tiltak mot smitte.

Vurderingar og konsekvensar:

Sjølv om vaksininga mot koronaviruset etter alt å døme vil redusera faren for smittespreiing vesentleg, vil det også hausten 2021 truleg vera behov for smitteverntiltak. Ved eit eventuelt smitteutbrot i Samnanger, vil det i alle fall kunne verta behov for tiltak. Truleg kan det vera fornuftig dersom folkevalde organ i Samnanger også hausten 2021 har moglegheit til å halda møte som fjernmøte dersom det vert vurdert å vera smittevernmessig behov for dette. I «verste fall» kan ein risikera at møte må utsetjast dersom kommunestyret ikkje opnar for dette.

I boka «*Kommuneloven 2018 med kommentarer*» (Kommuneforlaget, Overaa og Bernt, 1. Utgåve 2019), står det at reglar om adgang til å nytta fjernmøte som møteform skal fastsetjast i reglements form. Dette bør sjåast på når Samnanger kommune sitt reglement for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet og kontrollutvalet skal reviderast. Dersom kommunestyret ønskjer det, kan sjølv sagt eit eventuelt vedtak 10.06.2021 om å opna for fjernmøte i folkevalde organ innarbeidast i kommunen sitt eksisterande reglement.

Det går fram av kommunelova § 11-7 tredje avsnitt at saker som skal lukkast etter kommunelova § 11-5 andre avsnitt (d.v.s. handsamast i lukka møte), ikkje kan handsamast i fjernmøte. Det er imidlertid innført ei mellombels lov («*Midlertidig lov om unntak fra kommuneloven*»), der det i § 1 vert opna for at også slike saker kan handsamast i fjernmøte. Denne lova gjeld fram til 30.11.2021.

Etter kommunelova § 11-1 gjeld bestemmelsane i kapittel 11 i kommunelova både for kommunale folkevalde organ (jf. kommunelova § 5-1) og andre kommunale organ (jf. kommunelova § 5-2). Det er lagt til grunn i denne saksutgreiinga at eit eventuelt kommunestyrevedtak om å opna for fjernmøte i folkevalde organ ut 2021, også vil omfatta andre kommunale organ, jf. kommunelova § 5-2.